

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2014**

*Internett i fylkeshuset:* Politikarane har nå fått brukarnamn og passord til tilsettenettet på fylkeshuset fordi det er mykje meir stabilt og ein slipp å logge seg inn på nytt til kvart møte. IT-service stilte på møtet for å gje dei medlemane i fylkeseldrerådet som ønskja det eit brukarnamn og passord.

*Synfaring på Straume bu- og omsorgssenter:* Jette Lunemann Hansen deltok på ein synfaring til Straume bu- og omsorgssenter i regi av eldrerådet i Bergen 17. juni. Der fekk ho høyre om planar framover, planlagt samarbeid med forretningar på Sartor senter for heimebuande som treng litt ekstra hjelp. Representantar frå eldreråd i Askøy, Bergen, Sund og Øygarden deltok på synfaringa.

*Statens vegvesen – kurs for eldre fotgjengarar:* Fylkeseldrerådet fekk ein førespurnad frå Statens vegvesen om å bidra til gjennomføring av kurs for eldre fotgjengarar.

*Samling for eldreråda i Sunnhordland:* Margot Bertheussen deltok på ein samling i Sunnhordland for dei 8 kommunale eldreråda der. Ein slik samling vert gjennomført kvart år, og i år vart det heldt på Sveio. Margot Bertheussen informerte dei kommunale råda om fylkeseldrerådet og fekk tilbakemelding om kva utfordringar og suksessar dei opplever.

### **Vedtak**

*Statens vegvesen – kurs for eldre fotgjengarar:* Fylkeseldrerådet vedtok å melde tilbake at rådet er positiv til slike kurs, men ønskjer meir informasjon om kva rolle som er tiltenkt rådet og korleis det finansielle vert teken vare på.

*Folkehelseplanen – vedteken:* Folkehelseplanen er nå vedteken og rådet vedtok å få den tilsendt i papir.